Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 31.10.2023
Vår ref: 2020/8464
Dykkar dato: «RefDato»
Dykkar ref: «Ref»

«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Rapport frå inspeksjon ved Rolf Morten Løviknes

Kontrollnummer: 2023.197.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Trond Løviknes

Frå statsforvaltaren i Vestland:
Gøsta Hagenlund
Åsmund Skancke Karlsnes

1. Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Rolf Morten Løviknes (avfallsmottak) den 25.10.2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland fann 1 avvik og gav 6 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda har ikkje kartlagt alle utslepp av mogleg forureining til vatn

Merknader:

1. Sluk i betongplate mellom bygningane er ikkje meldt inn at er kopla på oljeutskiljar
2. I container for brann- og eksplosjonshaldige væsker er plassert to bilbatteri
3. Det var tvil om alle delar som inneheld miljøfarleg væske vart tappa av i miljøsaneringa
4. Noko oljeforureina masse kan vere sortert ut til anna lagring enn avfallstype 7022 oljeforureina masse
5. Verksemda manglar tett oppsamlingskar for skadde batteri
6. Verksemda har ikkje oversikt over moglege kvikksølvhaldige komponentar i kasserte køyretøy

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt frå side 4.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

2. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Rolf Morten Løviknes	
Organisasjonsnr.: 917 247 714	**Eigd av:** 970 449 714

Kontrollert eining

Namn: Rolf Morten Løviknes, anlegg for mottak av avfall og kasserte køyretøy	**Anleggsnr.:** 4649.0095.02 (bilvrak) 4649.0095.01 (avfall) 4649.0095.03 (båtvrak)
Kommune: Stad	**Fylke:** Vestland
Løyve gitt: 12.4.2021	**Sist endra:** -

Verksemda er eit enkeltmannsføretak som tek imot kasserte køyretøy for miljøsanering (fjerning av farlege stoff og demontering, ombruk eller gjenvinning av delar). Verksemda har tilsett person. Verksemda har også løyve til mottak av næringsavfall og båtvrak.

3. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for kasserte køyretøy i 2023.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Sediment og grunnforureining
- Avfall
- Kjemikal
- Vilkår i løyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

4. Oppfølging etter inspeksjonen

Verksemda pliktar å rette opp avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan 1.2.2024 sender ei skriftleg utgreiing som viser kva for tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de merker svarbrev eller e-post sfvlpost@statsforvaltaren.no med saksnummeret som står øvst på første side

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25.10.2023. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av venta ressursbruk må Rolf Morten Løviknes betale eit gebyr på kr. 22 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgande avvik frå forureiningsregelverket under inspeksjonen:

Avvik 1. Verksemda har ikkje kartlagt alle utslepp av mogleg forureining til vatn

Avvik frå: Løyve datert 12.4.2021, pkt. 14.1 og 11.1, jf. pkt. 2.1(siste setning) og liste i vedlegg 1

Kommentarar til regelverket:
Verksemda kan ikkje sleppe ut prioriterte miljøgifter utan at det er uttrykkeleg regulert i vilkår til løyvet. Verksemder som handterer avfall og miljøsanerer kasserte køyretøy er venta å kunne ha mindre mengder prioriterte miljøgifter i avløpsvatnet. Nødvendige utslepp av slike stoff vil verte regulert i løyvet når kunnskapsgrunnlaget for typar og konsentrasjonar er tilstrekkeleg kartlagt.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Verksemda kunne ikkje leggje fram dokumentasjon på innhald av og konsentrasjon av forureining i avløpsvatnet. Observasjonen gjeld ikkje utslepp av olje frå oljeutskiljar.

8. Merknader

Vi fann følgande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1. Sluk i betongplate mellom bygningane er ikkje meldt inn at er kopla på oljeutskiljar

Kommentarar:
Vedlegg 3 i søknad om løyve frå 19.5.2020 viser innteikna ny oljutskiljar og drenering hit frå stålhall og plasthall. Betongplata mellom bygga vert mellom anna nytta til å lagre innkomne og ikkje-sanerte bilvrak. På betongplata er det eit sluk som ikkje er teikna inn på denne skisse. Verksemda må dokumentere kor dette sluket drenerer. Utslepp av eventuelle miljøgifter frå avløpsvatnet må også dokumenterast dersom avløpet renn til resipient eller kommunalt nett.
Hovudkravet for lagring av ikkje-sanerte bilvrak er lagring på tett plate med avrenning til oljeutskiljar. Dersom sluket ikkje drenerer til oljeutskiljar må verksemda sende inn risikovurdering av om innkomne bilvrak kan medføre fare for væskesøl, eller vise til rutine for mellombels lagring på tett plate med avrenning til oljeutskiljar.

Merknad 2. I container for brann- og eksplosjonshaldige væsker er plassert to bilbatteri

Kommentarar:
Batteria har spenning og vert nytta som energikjelde for ei pumpe. Det er (låg) risiko at slike batteri kan gje gnist. Under (eit rett nok lite sannsynleg scenario) er det fare for tenning av brann- eller eksplosjonsfarleg gass frå lagra væske. Verksemda må gjere ei skriftleg vurdering av risiko for slik samlagring, og avgjere eigen aksept for risiko for uønskt hending. Alternativt kan verksemda vurdere å lagra slike energikjelder betre skilt frå brann-/eksplosjonsfarleg avfall.

Merknad 3. Det var tvil om alle delar som inneheld miljøfarleg væske vart tappa av i miljøsaneringa

Kommentarar:
Verksemda har godt utstyr for plugging, oppsug og tapping av miljøfarleg væske. Oljefylte støtdemparar er truleg ikkje omfatta av rutinen for plugging/suging av væske.

Merknad 4. Noko oljeforureina masse kan vere sortert ut til anna lagring enn avfallstype 7022 oljeforureina masse

Kommentarar:
Verksemda har lett tilgang på oljeabsorberande filler og treflis for oppsop av oljesøl. Medan matter/filler vert lagra og levert i godt merkt behaldar for slikt avfall, vart det oppfatta at anna oppsop, eventuelle oljeforureina kle o.l. ikkje alltid vart lagra på rett stad.

Merknad 5. Verksemda manglar tett oppsamlingskar for skadde batteri

Kommentarar:
Verksemda har gode lagringsforhold for heile, uskadde blybatteri. Det er ikkje noko etablert system for å kunne ta hand om skadde, lekke eller sprukne batteri som lek eller kan leke batterisyre.

Merknad 6. Verksemda har ikkje oversikt over moglege kvikksølvhaldige komponentar i kasserte køyretøy

Kommentarar:
Verksemda må ha tilstrekkeleg oversikt over biltypar og tidsperiode der flytande kvikksølv vart nytta i bildelar. Avfallstypen 7081 kvikksølvhaldig avfall er akutt giftig.

9. Andre tilhøve

Oversikt over generert farleg avfall
Framlagt dokumentasjon og synfaring på området viste at verksemda har god oversikt over farleg avfall som oppstår frå miljøsanering av kasserte køyretøy.

Tilrettelegging for mottak av kasserte elektrisk køyretøy
Verksemda kunne vise fram godt førebudd innkjøp av utstyr for å kunne ta hand om venta el-bilar som skal miljøsanerast.

Verksemda har avtale om utleige av plasthall til anna avfallsfirma.
Bruk av området for andre firma og i mengder utanom ramma for verksemda i vedlegg 2 til løyvet må avklarast med Statsforvaltaren.

10. Dokumentunderlaget

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Produktkontrollforskrifta kap. 6a, jf. EU forordning 517/2014 art. 8-3, 3.ledd
- Løyve til Rolf Morten Løviknes datert 12.4.2021

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:
- Utskrift frå avfallsdeklarering.no og årsrapport 2022 over avfall
- Skjermdump av opplæringsbevis for handtering av fluorhaldige gassar

11. Informasjon til verksemda

Regelverket vi informerte om:
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

Mottakarliste:

LØVIKNES ROLF MORTEN	Tippa 22	6773	NORDFJORDEID
LØVIKNES ROLF MORTEN	Tippa 22	6773	NORDFJORDEID